

Dato: 08.09.2020

Til: Finansutvalet

Sektorbudsjett 2021- avdeling for strategisk utvikling og digitalisering

1 Sektorbudsjett - løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Plan, analyse, klima og folkehelse	Brutto driftsutgifter	53 233	52 233
	Driftsinntekter	- 9 000	- 9 000
	Netto driftsutgifter	44 233	43 233
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	121 646	123 346
	Driftsinntekter	- 750	- 750
	Netto driftsutgifter	120 896	122 596
Administrasjon av strategi og digitalisering	Brutto driftsutgifter	6 638	6 438
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	6 638	6 438
Sum	Brutto driftsutgifter	181 517	182 017
	Driftsinntekter	- 9 750	- 9 750
	Netto driftsutgifter	171 767	172 267

2 Kort omtale av dei ulike løyvingsnivåa

Plan, analyse, klima og folkehelse

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnader knytt til seksjonane plan, klima og folkehelse og statistikk, kart og analyse. Utover løns- og personalkostnader skal midlane mellom anna nyttast innanfor desse områda:

- Folkehelse
- Klima
- Plan og utviklingsarbeid
- Senter og stadutvikling

Folkehelse

Føremålet med folkehelsearbeidet er å fremje gode levkår og livskvalitet for innbyggjarane. Området omfattar lovpålagde oppgåver i folkehelseleva, statlege og fylkeskommunale satsingar. Innan folkehelsearbeidet går midlane til å følgje opp satsingane i folkehelseplanane, drift av partnerskapen, helseovervaking, og å arrangere ulike samlingar og nettverk. Ei viktig oppgåve er å støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom tilskotsmidlar, prosjekt og utvikling av møteplassar. Innan folkehelse deltek vi i ei større programsatsing «Program for folkehelsearbeid i kommunane». Det er budsjettert med ei forventa inntekt frå tildeling av tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet på 9 mill. kr knytt til denne satsinga. Frå 2020 har vi fått overført oppgåver frå fylkesmannen innan forvaltning av tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod.

Klima

Fylkeskommunen skal vere initiativtakar og nøkkelaktør i arbeidet med ei klimavenleg og berekraftig samfunnsutvikling. Satsingane omfattar både utslppsreduksjon og klimatilpassing, med utgangspunkt i gjeldande klimaplanar. Midlane skal styrke den strategiske utviklinga til Vestland på vegen til eit nullutslppsamfunn. Eit viktig område er å skape gode arenaer for samhandling mellom aktørar på regionalt- og kommunalt nivå. Andre satsingar er strategiske tilskotsordningar, å arrangere konferansar og arrangement, og å utvikle arenaer (t.d. nettverk) som bidreg til auka kunnskap og breidde innanfor klimaarbeidet.

Strategisk utvikling og planlegging

Vi skal rettleie, og gje fagleg støtte til kommunane innan samfunns- og arealplanlegginga. Å styrke samfunnsutviklarrolla, og å gi fagleg støtte i planarbeidet er sentralt. Vi arrangerer plansamlingar, og deltek i ulike nettverk innan fagområdet.

Innan regionalt planarbeid i 2021 går midlane til oppfølging av Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi), utarbeiding av regionale planar fastsett i utviklingsplanen, og å følgje opp tiltak i handlingsprogram knytt til regionale planar eininga har ansvar for.

Senter og stadutvikling

Tettstadane og utvikling av dei er ein sentral del av den regionale utviklinga av fylket. Attraktive og klimavennlege tettstader er viktig for sikre identitet, trivsel, bulyst og virke.

Vi følgjer opp satsingar og tiltak i regionale planar gjennom samarbeid, prosjektdeltaking eller leiging. I tillegg bidreg vi fagleg i arbeidet med stadutvikling i kommunane, og gir tilskot til prosjekt innan stadutvikling og planlegging. Ekstern samhandling både i formelle samarbeid og nettverk er sentralt i stadutviklingsarbeidet.

Vi deltek òg i ulike forskings- og utviklingsprosjekt som t.d. «Pilotprosjekt om regional planmyndighet og samfunnsutvikler», «Tettstedspakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling», og ulike utviklingsprosjekt knytt til Bergensområdet. Utviklingsprosjekta er ofte tverrfaglege og inkluderer både interne og eksterne partar.

Statistikk, kart og analyse

Statistikk, kart og analyse skal stø Vestland fylkeskommune i å ta ei sterk og aktiv rolle som ein kunnskapsbasert regional utviklingsaktør. Seksjonen skal vere i front på kommunale og regionale analyser for å stø kommunane, fylkeskommunen og politikarar i utviklingsoppgåver, løfte fram viktige samfunnsutfordringar gjennom formidling av kunnskap og analyser, og sørge for offentlig tilgjengeleg kartdata og statistikk til regionalt og kommunalt arbeid med plan- og byggjesaker og folkehelse. Dette inkluderer drift og vidareutvikling av geografisk informasjonssystem og digital statistikkportal for Vestland fylkeskommune.

IKT og digitalisering

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til seksjonane IKT og digitalisering.

Digitaliseringsseksjonen skal bidra til å digitalisere fylkeskommunen gjennom fornying, forenkling og forbetring på ein slik måte at vi både effektiviserer prosessar og nyttar ressursane meir hensiktsmessig. Ei målsetjing med dette arbeidet er at ein gjennom strukturert kartlegging skal sørge for at digitalisering og effektivisering i organisasjonen hentar ut best mogleg gevinst i form av enten økonomisk innsparing eller betra kvalitet.

Ein føresetnad for å lukkast med digitaliseringsarbeidet er at IKT-seksjonen sikrar ein stabil og framtidretta digital grunnmur, og kan gje IKT-støtte til brukarane ved behov.

Vidare skal løyvingsnivået dekke utgifter knytt til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnadar for sentrale IT-system, sambandskostnadar, internettlinjer og M2M-abonement.

I samband med rekneskapsavslutninga for 2019 sett fylkestinget av 15 mill. kr som skal støtte opp om digitaliseringsarbeidet i organisasjonen og sikre ei trygg og god implementering av større IKT-prosjekt som kjem i perioden 2021-2022. Avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering administrerer denne ordninga.

Administrasjon av strategi og digitalisering

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til leiging og stabsfunksjonar.

Klimaeffektar

Avdelinga sine klimagassutslepp heng i hovudsak saman med innkjøp og bruk av elektronisk utstyr og reiser i eiga drift. Indirekte har avdelinga påverknad gjennom planlegging og tildeling av tilskott.

Klima- og miljøkrav i anbod, spesielt for elektronisk utstyr som PC, og retningsliner for drift som tek omsyn til gjenbruk og sirkulær økonomi kan gi klimaresultat. Seksjon for digitalisering har i stor grad lagt til rette for gjennomføring av digitale møter og konferansar. Dette har gjort det mogleg å samhandleg utan det miljøavtrykket ein elles ville hatt.

3 Endringar frå 2020 til 2021

Løyvingsnivå IKT og Digitalisering – jf. arbeidsdokument 3/20 er budsjettet i 2021 styrka med 2,5 mill. kr som følgje av auka sambandskostnadar og tekniske justeringar ved endring i fakturering som gjer at IKT dekker kostnadar som tidlegare har vore betalt av andre avdelingar.

4 Innarbeidde salderingstiltak: 2 mill. kr

Plan, analyse, klima og folkehelse:

Løyvingsnivået er redusert med 1 mill. kr, jf. prosessvedtak i finansutvalet i juni. I det vidare har fylkesrådmannen arbeidd med å spesifisere kuttet ytterlegare.

I tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har det vore ein avtale om driftsstønad til regionråda i fylket. Denne avtalen gjekk ut i 2019. Desse midlane utgjer 1,8 mill. kr av budsjettet på løyvingsnivå plan, analyse, klima og folkehelse. Fylkesrådmannen vil tilrå å kutte denne ordninga då beløpet vert lite dersom det skal gjelde for regionråda i heile Vestland fylke. Resterande midlar (0,8 mill. kr) vil fylkesrådmannen tilrå at vert omprioritert til å auke budsjettet til klimaarbeid.

Ved ei eventuell vidareføring av ordninga er det for lite midlar til å betrakte som ei driftsstøtte, og det må ev. verte ein søknadsordning.

IKT og digitalisering

Løyvingsnivået er redusert med 1 mill. kr.

Kuttet vert løyst ved reduksjon i bemanning som ikkje vert erstatta.

5 Alternative salderingstiltak: 2 mill. kr

Sektoren sine tiltak inngår for ein stor del i det administrative innsparingsprogrammet som er til handsaming i eiga sak til finansutvalet.